

29 JUL 2015



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2013/110100-012


Dykkar referanse:

Vår dato:
27.07.2015

Fv. 48 - Omklassifisering av gamlevegen gjennom Ytre Tysse

Etter omlegging/utbetring av fylkesveg (fv.) 48 på strekninga Gaupholm – Straumsbrua, der det er ny tunell (Tyssetunellen). Frå Sætrevika til Tysseelva er fylkesvegen lagt utanom Ytre Tysse. Arbeidet starta i des. 2012 og vart opna 29. juni 2015.

Statens vegvesen fremjar med dette forslag om å omklassifisere den del av fylkesvegen som går gjennom Ytre Tysse frå Sætrevika til xfylkesveg136 (Tysse bru). Vi føreslår at gamal fv. 48 vert omklassifisert til kommunal veg frå nytt kryss i Sætrevika mot eksisterande kryss med fv. 136 (Tyssebrua). Frå Tyssebrua vil fv. 48 få nytt vegnr. og vert ei forlenging av fv. 136 til nytt kryss ved Tysseelva der fv.48 har fått ny veglinje.



Viser omlegging/utbetring av fylkesveg (fv.) 48 på strekninga Gaupholm – Straumsbrua, der det vert ny tunell (Tyssetunellen) frå Sætreviki – Tysseelva.


Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:



Viser strekning av fylkesveg (fv.) 48 som vert omklassifisert til kommuneveg og fv. 48 får nytt vegnr. (fv 136) frå kryss ved Tysse bru til nytt kryss ved Tysseelva (fv. 48).

Statens vegvesen vil i si tilråding foreslå at denne delen av fylkesveg 48, vert omklassifisert til kommunal veg. I denne vurderinga er det lagt til grunn den funksjonen vegen har i dag, etter at det er bygd ny vegtunell utanom Ytre Tysse. Funksjonen som den gamle vegen får er lokalveg med tilkomst til bustader. Denne funksjonen tilseier omklassifisering til kommunal veg.

I følge kriterium for klassifisering av 5.oktober 1987 skal grensa mellom fylkesveg og kommunale vegar gå mellom samleveg og adkomstveg, slik desse er definert i vegnormalene.

I HB N 100 er samleveg og adkomstveg definert slik, sitat:

«

- Samleveger er forbindelsesveger mellom for eksempel boligområder eller bydeler, og bindeledd mellom atkomstveger og hovedveger. Disse vegene har en oppsamlings- og fordelingsfunksjon.
- Atkomstveger er atkomst til boligområder, fritidsaktiviteter, industriområder eller lignende.

«

Videre framgår det av kommentarar til veglovas § 2, at inndelinga i riksvegar, først og fremst skal omfatta dei store hovudtrafikkårane, viktige vegar eller som set større område i forbindelse med kvarandre då dei tener fjerntrafikken, men også viktige vegar av meir landsdels- eller regional karakter.

Fylkesvegar vil vera lokalvegar som set bygder og grender i forbindelse med riksvegar eller direkte med byar og større sentra.

Kommunale vegar omfattar først og fremst det ein karakteriserer som bustadgater og -vegar, men også vegar av lokal karakter som ikkje normalt vil vera kvalifisert til opptak som fylkesvegar.

Strekninga som Samnanger kommune skal overta vil ha lokal tilknytning til eigedomar langs vegen og kommunen har allereide etablert «miljøgate» i Ytre Tysse.

I samsvar med veglova § 7 første ledd er det Hordaland fylkeskommune som fatter endelig vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. Samnanger kommune, der fylkesvegen ligg, skal gje uttale i saka før endelig vedtak vert gjort.

Det har vore halde synfaring på vegen, den 20.05.2014, der Samnanger kommune, Statens vegvesen (Prosjekt Tunell bak Tysse), Statens vegvesen (Vegseksjon – NMS), Statens vegvesen (Plan og forvaltning Voss og Hardanger) deltok.

Vurderingane som då vart gjort er i henhold til NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7» og føreligg i eige notat.

Omklassifiseringssaka vart sendt på høying til Samnanger kommune i brev datert 10.03.2015. Kommunen gav tilbakemelding i brev av 15.04.2015.

I brevet ynskjer dei ny synfaring, då dei meiner at det har vore svært mykje anleggstrafikk/tungtrafikk på vegen i samband med bygging av nyanlegget etter den forrige synfaringa, dette for å sjå kva påverknad dette kan ha hatt på vegen.

Elles må vegljøs på strekninga sjåast på, då det ikkje er lenger lov å nytta Hg-pærer.

Kommunen er også bekymra over kostnadene med drift og vedlikehald av vegen. Den vil vera dyr å drifta og ynskjer at eventuell overtaking kan utsetjast i tid for å få moglege kostnader på utstyr som trengs og bemanningssida inn i budsjett.

Det er også ynskje om at Hordaland fylkeskommune vurderer om vegen fortsatt skal vera fylkesveg, då vegen skal vera omkøyringsveg for tunellen og den offentlege transporten skal gå her (Tide).

Statens vegvesen er av den meining at notatet etter synfaringa viser at det vart gjort ei god vurdering av kva som skal utbetrast. Tilbakemelding frå vegseksjonen (driftskontrakta) seier at frå nemde synfaring og til nå, kan ein ikkje sjå at vegen er vorten forringa på noko vis, anna enn av «vanleg» slitasje. Det har vore halde vanleg drift på tømning av kummar, feiing, lapping av dekke, grøfting o.a. som ligg i kontrakta, dvs. vegen er halden på «status quo» driftsmessig.


Frå «prosjekt Tunell bak Tysse» er det opplyst at det har ikkje vore mykje anleggstrafikk på fv. 48 etter synfaringa 20.05.14. Tunellen vart asfaltert med to lag med bærelag. Dette var ferdig 18.09.14. Etter denne dato har i all anleggstrafikk, med få unntak, gått gjennom tunellen.

Statens vegvesen kan ikkje sjå at det er naudsynt med ny synfaring og ynskjer at Hordaland fylkeskommune handsamar omklassifiseringa.

Tilråding med fylgjande forslag til statusendring:

- Fylkesveg 48, mellom Sætreveiki og x fv. 136 (Tysse bru) – lengde ca. 2700 meter vert omklassifisert til kommunal veg.
- Fylkesveg 48, mellom xfv. 136 (Tysse bru) til nytt kryss ved Tysseelva (fv. 48) – lengde ca. 300 meter får nytt vegnummer. Strekninga vert ei forlenging av fv. 136.
- Før endelig vedtak trer i kraft og vegen overlevert til Samnanger kommune skal vegen setjast i den stand som følger av vegloven § 7 fjerde ledd og i samsvar med notat etter synfaring 20.05.2014 frå Statens vegvesen.

Statens vegvesen-Vegavdeling Hordaland
Med helsing


Olav Finne
avdelingsdirektør


Per Steinar Nedkvitne


Kopi: Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 TYSSE

Vedlegg: Notat etter synfaring 20.05.2014 frå Statens vegvesen.
Høyringsbrev frå Samnanger kommune, datert 15.04.2015



SAMNANGER KOMMUNE

Teknisk eining



2013110100-10
711-1242

Region vest Statens vegvesen

Vår referanse:
09/640/15/2814/TEK/JIS

Arkivkode:
FA-Q10

Dykkar referanse:
2013/110100-009

Dato:
15.04.2015

HØYRING - FV.48 -OMKLASSIFISERING AV GAMLEVEGEN GJENNOM YTRE TYSSE.

Samnanger kommune har i brev av 10.03.15 fått forslag om omklassifisering av gamlevegen gjennom Ytre Tysse til høyring.

Dette er ein prosess som har gått over tid, og kommunen var, saman med vegvesenet, på synfaring 20.05.14 for å få ei oversikt over kva tilstand denne vegen var i. Etter synfaringa vart det laga eit notat over tiltak som må utførast før ei evt. overtaking av kommunen. I det året som har gått, sidan synfaringa, har det vore svært mykje anleggstrafikk/tungrafikk på vegen i samband med bygging av nyanlegget og me meiner at det er på sin plass med ei synfaring for å sjå kva påverknad dette kan ha hatt på vegen.

Når det gjeld veglys på strekninga er me usikre på om lampane har Hg- pærer. Frå april i år er det ikkje lov å levera slike pærer lenger og alternativet er å skifta heile lampane. Dette må og sjekkast ut og evt. utskifting bør koma inn på tiltakslista for utbetring.

Dette vil i ettertid verta ein omkjøringsveg ved vedlikehald og anna stenging av den nye tunellen, i tillegg har Tide opplyst at dei vil køyra bussrutene sine til Holmefjord og Eikelandssosen denne vegen. Kva krav vil det då verta til drift og vedlikehald, spesielt med tanke på brøyting og strøing. Kommunen ser for seg at denne vegen må prioriterast på eit høgare nivå enn dei andre kommunale vegane og me er bekymra for at vegen i kommunal samanheng vert dyr å drifta.

Skal kommunen overta vegen så forutset me at alle punkt som kjem fram i notatet etter synfaringa. og evt. nye punkt, vert utbetra før ei overtaking. Vidare bør eit evt. overtakingstidspunkt setjast fram i tid, slik at kommunen får mogeligheit til å få kostnader inn

i budsjett. Det må takast avgjer på kva løysingar kommunen vil gå for, om me må rusta opp på utstyr og bemanningssida eller om me kan leiga tenestene.

Då vegen vil vera omkøyingsveg for tunellen og den offentlege transporten vil gå her, vil kommunen be om at det vert vurdert at vegen fortsatt skal vera Fylkesveg.

Med helsing

Ragnhild Lønningdal
Ragnhild Lønningdal
Konstituert teknisk sjef

John Inge Sandvik
John Inge Sandvik
avdelingsingeniør

Adresseliste:

Region vest Statens vegvesen	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
------------------------------	-------------	------	-----------